



Håvard Krøvel-Velle synest det er stas å få ha escape room på Stødt.

Stranger Things på Stødt

– Eit escape room er ein spennande måte å fortelje ei historie på. Det handlar om å sjå potensiale i moderne teknologi.

Det seier Håvard Krøvel-Velle. Han er fullt i gong med å etablere eit tilbod for escape room på Stødt. Escape room er eit spel der deltakarane skal blant anna løyse oppgåver i eit eller fleire rom. Det handlar primært om å flykte frå eit rom.

– Eg har blitt ein escape room-entusiast! På medielina på Volda vidaregåande skule der eg underviser har vi laga

mange slike spel i faget medieutvikling. Eg har fått laga nokre fysiske og digitale rom, og den på Stødt er ein hybridversjon, fortel han.

●● **Eg har fått laga nokre fysiske og digitale rom, og den på Stødt er ein hybridversjon**

Håvard Krøvel-Velle

Temaet for spelet som skal vere på Stødt er den kjende tv-serien Stranger Things. Håvard

vart inspirert då han såg siste sesong av serien.

– Då eg såg siste sesongen av Stranger Things blei eg veldig inspirert. 80-talet, dei gode karakterane og det overnaturlige i serien gjer at dette universet er perfekt for å skape både historie og oppgåver. Deltakarane skal m.a. mane fram Vecna, ein karakter frå siste sesong. Dette gjennom fysiske interaksjon med ulike tekniske duppedittar, seier Håvard.

Håvard har eit nært forhold til Stødt frå før då det er slekta hans som eig bygget. Krøvel-Velle såg potensiale i plassen for eit rømningsspel.

– Eg øvde her heile tida før

med bandet mitt. Eg såg fort potensiale for ei kreativ leikegrind. Eg gjer dette gratis og eg synest det er kjekt at andre får ta det i bruk. Det skal ikkje vere nødvendig med timebestilling på dette, seier Håvard.

Hans Robert Bondhus er ein av fleire bak Stødt. Han synest ideen til Krøvel-Velle er god.

– Dette kjem til å bli tatt bruk i frå neste veke. Det er kjempe-tøft! Det er kjekt at vi kan vere først ute med noko slikt. Det er også i tråd med det skal vere all slags mogeleg aktivitet på Stødt, for alle aldersgrupper, fortel Bondhus.

BENDIK MORK FOLKESTAD
bendik.folkestad@morenytt.no